



NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dato: 22.08.2017
Vår ref.: 2017/198-14
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Justeringer av søknader om bygging av Tverrelvi, Bjørndalen og Togrovi kraftverk i Teigdalen i Voss kommune

Vi syner til e-post av 03.07.17 der Hordaland fylkeskommune vert beden om å koma med evt. tilleggsuttale til justerte søknader frå Norsk Grønnkraft Utbygging (NGK) om bygging av kraftverka Tverrelvi, Bjørndalen og Togrovi i Teigdalen i Voss kommune.

Vi gjer merksam på at fylkesutvalet i møte 22.02.17 gjorde vedtak om å rá til utbygging av Tverrelvi kraftverk og Bjørndalen kraftverk ut frå dei søknadene som på det tidspunktet var aktuelle, utan justeringane. Det same gjeld Togrovi kraftverk, som fylkesutvalet i det same møtet rådde frå.

Desse tilrådinga er dei gjeldande politiske vedtaka, og klima- og naturressursseksjonen (KNS) må ha seg til dei. Vi har likevel nokre kommentarar.

Togrovi kraftverk

NGK har etter synfaring lansert alternativ løysing for overføring av Husegrovi. Det er også presentert eit forslag til alternativ utbygging der inntaket vert etablert i Togrovi og der overføring av Husegrovi utgår og Lambagrovi ikkje blir berørt.

I den negative tilrådinga si til Togrovi kraftverk har Hordaland fylkeskommune vore særleg kritisk til det biologiske kunnskapsgrunnlaget. Om det i strid med tilrådinga frå fylkeskommunen likevel blir gitt løyve til utbygging, vil det siste alternativet med inntak i Togrovi vera det beste. Vi vil likevel understreka at ei slik løysing med monaleg redusert vassføring i Togrovi framleis vil ha høgt konfliktpotensiale. Det gjeld naturtypen bekkekløft, men òg anadrom fisk, leveområde for fugl og friluftsliv.

Tverrelvi kraftverk

NGK har etter synfaring lansert to alternative stader for tunnelpåhogg som fråvik den opphavlege søknaden. Grunnen er mangel på fjell.

I den positive tilrådinga si til Tverrelvi kraftverk seier Hordaland fylkeskommune m.a. at «utbygging må ta tilbørleg omsyn til edellauvskog og potensielle hekkeplassar for rovfugl». I så måte står alternativ 2 fram som det mest konfliktfylte fordi det her er snakk om å gå høgare opp i terrenget med strekkfaste røyr, røyrgate på 25 meter og mellombels veg i bratt terrenget. Slike inngrep vil bli langt mindre med alternativ 1, der påhogget er trekt om lag 150 m ned i terrenget frå påhogget i alternativ 2 og i liten grad vil koma i konflikt med edellauvskog.

Bjørndalen kraftverk

NGK har etter synfaring lansert alternativ kraftstasjonsplassering høgare oppe i elva slik at fossen nedanfor vil ha si naturlege vassføring etter utbygginga.

Også her syner vi til positiv tilråding frå Hordaland fylkeskommune, men der potensialet for sjeldne og raudlista artar vert framheva i vedtaket. At fossefallet med foss-eng på nedsida av kraftstasjonen ikkje vert regulert, er i så måte positivt. Det same er opplevinga av fossen på vegen mot Volahytta eller Bjørndalen.

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.